



# Høyanger kommune

## Ordføraren

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Saksnr.	Dok-ID	Arkivkode	Sakshandsamar	Dato:
11/1120	14/1280	N64	PES	12.02.2014

### Søknad om omdisponering av breibandsmidlar

Høyanger kommune har søkt og fått tildelt kr. 925.000,- til breibandsprosjekt / mobil-dekningsprosjekt / fiberprosjekt (sak 09/2447-61 i desember 2009. Søknaden femna kring to separate prosjekt, koparoppyrning Ullebø-Byrkjosen-Guddalen (kr. 550.000,-) og mobil-dekning Bjordal-Hest-Førde (kr. 375.000,-). Vi har gjennomført og "kvittert ut" mobil-dekningsprosjektet, medan vi har vore usikker på korleis vi reint praktisk skal kunne gjennomføre prosjektet med "frå kopar til breiband" i området Ullebø-Byrkjosen-Guddal.

Representantar for Høyanger kommune har også ved fleire høve vore i kontakt med fylkeskommunen v/ Olav Skarsbø om status og vidare framdrift for denne delen av løyvinga frå desember 2009. I tida frå løyvinga vart gjort og fram til i dag har det kome ny teknologi, på marknaden. Direktoratet for Nødkommunikasjon (DNK) har sett opp ei 12 m høg mast og ført straum fram til området som eit lekk i arbeidet for det nasjonale naudnettet, og DNK har gitt Telenor løyve til å nytte deira infrastruktur til å føre fram linjer som igjen vil føre til ei monaleg betring av mobildekkinga i området. Dette har også gitt moglegheiter til å få til breibandsdekning i området via såkalla radiolinks. Dette kombinert med det faktum at vi i dette området snakkar om eit avgrensa tal fastbuande (ca 20 stk.), gjer at Høyanger kommune ser ei større samfunnsmessig nytte i å få bruke denne løyvinga til fiberutbygging på Høyanger Sørside.

Vidare har kommunen motteke signal frå fastbuande og næringsliv på Høyanger Sørside om at både mobildekning og breibandskapasitet er langt unna eit akseptabelt 2014-nivå. Høyanger Sørside er prega av optimisme og tru på framtida. På få år har området sett innovative bedrifter etablere seg, og folketalet (samla) i grendene Ortnevik, Søreide, Bjordal og Ikjefjord har vore stabilt i åra 2005 til 2013 (360 personar fordelt på 141 husstandar), medan resten av kommunen har hatt ei markert nedgang i folketalet. Bedrifter som t.d. Osland havbruk AS, Østerbø Maskin AS og Sogn Aqua AS (kveiteoppdrett på land) er eksempel på tiltakslyst og gründermentalitet i området.

Desse bedriftene sysselset åleine over 50 personar og omsette for over 200 MNOK i 2013.

---

Postadr.: Postboks 159 6991 Høyanger	Besöksadr.: Aug. Gunnarskogsgt. 1 6993 Høyanger	Telefón: 57 71 15 50	Bankgiro: 3705 24 53640 Org.nr. 944439838	E post: postmottak@hoyanger.kommune.no www.hoyanger.kommune.no
--	---	-------------------------	---	--

Eit eksempel på status i nettkommunikasjon på Sørsida pr. februar 2014 er at Osland Havbruk AS prosjekterer eit nytt klekkeri på land på Sørebo til over 40 MNOK. Når den lokale maskinentreprenøren gir pris på utgraving av tomta, må han rekne seg ekstra betalt både i omfang og i tidsbruk av di manglande nettdekning i området gjer at GPS-systemet i grave-maskina (som gir nøyaktige koordinatar iht graving) ikkje fungerer !!

Dette er rett og slett trist og totalt uakseptabelt!!

På bakgrunn av lokalt initiativ frå innbyggjarar og verksemder på Høyanger Sørside arrangerte Høyanger Næringsutvikling AS (HNU) den 28.01.14 eit møte mellom bedriftene på sørsida og Enivest AS v/ Torbjørn Os. Dei same personane har også nyleg hatt møte med Telenor v/ deira lokale dekningsansvarleg Norodd Stubhaug.


På Høyanger sørside skal SFE og BKK i gang med ei stor kraftutbygging til totalt nær 800 MNOK. Utbyggjarane vil også ha trong for eit forsterka og moderne linjenett tilpassa akseptabel mobil- og breibandsdekning (fiber). Fleire tunnelar på Sørsida har den siste tida vorte oppgrader / rehabilitert, og her er det lagt inn trekkerøyr for fiber.

Høyanger kommunestyre vedtok i investeringsbudsjettet for 2014 å løyve kr. 600.000,- til kommunal eigendel ism fiberutbygging i Høyanger sentrum. I tillegg har vi planar om å bygge ut fiber på Kyrkjebø/Austreim, Vadheim og Lavik i økonomiplanperioden. Vår ambisjon er at når vi er ferdig med utbygging i sentrum, så skal vi "rulle ut" fiber i heile kommunen. Dersom fylkeskommune finn å ikkje kunne flytte midlane vil eg signalisere at det frå mi side er uaktuelt å nytte pengane på "Ullebø-Byrkjosen-Guddal-prosjektet". Eg vil også jobbe for at kommunen stiller tilsvarende sum til rådvelde som kommunalt bidrag dersom vi får løyve til å flytte pengane til Høyanger Sørside.

Vi vonar dette syner at Høyanger kommune tek dekningsproblematikk og innspel frå innbyggjarar og bedrifter på manglande kommunikasjon på alvor. Vi er ein mellomstor kommune i fylket m.o.t. folketal, men vi er ein stor kommune i areal, og vi har ei sørside som er "grisgrendt" og har utfordringar med kommunikasjonar, både m.o.t. transport langs veg og i nett. Vi har tinga oppdaterte dekningskart for området, og desse vil vi om naudsynt ettersende.

På bakgrunn av ovannemnde søker Høyanger kommune med dette å få omdisponere restsum på kr. 550.000,- frå prosjekt Ullebø-Byrkjosen-Guddal til planlagde breiband- og fiberprosjekt på Høyanger Sørside.

Med helsing



Petter Sortland  
ordfører